

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 2.

Tilleggsspørsmål nr.

Emne: Transport av høy.

Oppskr. av: Sigurd Kvale

(adresse): Hoston.

Fylke: Sør-Trøndelag.

Herad: Orkland.

Bygdelag: -

Gard: Hoston

G.nr. 114 Br.nr. 2.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

Ja, delvis.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Gymse londer i alder 70-80 år.

SVAR

Høytransporten har i grunnen ikkje gjennomgått særleg store leringe i manns minne her i bygda; det einaste er at han er vorden meir enkel og lettvin. Dette gjeld transporten på garden - frå enga til låven (høyloppen, eller leire, lemnen) transporten gard og gard i mellom (kjøp og salg av høy) har nok for det meste skifta frå hest til bil; elles er denne transporten ikkje stor.

På garden bli no høyet transportert med hest og høyvogn med grindar på. Vogna er som regel 2-hjula (svart gjeldan 4-hjula) - "rull" - "rullvogn" - og saman med grindane vert ho i dagleg tale leire kalla "høygrindan". Høyvogna er ei vauleg arbeidsvogn med høygrindar på. Ho er ca 2,40 m lang og ca 1,30 m breid; ^{leire, brommes,} grindane er i same lengd - breidda er ca 1,50 m og høйда ca 1,20 m. Høygrindane kom i bruk for ca. 50 år sidan - ikring 100-årsstiftet og avløyste da "ploen". Høygrindane er samansett av 4 grindar. Dei har ikkje gjennomgått store leringe. Dei første var tremerer med nokre få tvertre og tæig i mellom. Senare vart tvertra jærndrål i staden for tæig - no får det meste tre.

Grunnen til at høytransporten no er meir enkel og lettvin, er nok den, at markablåttane er ned-

lagt, og slåttu i riktig kraft og vanskelig leude for det meste er slått, og engst utlagt til heide. Ein kan seia at høyransparten no er sær eiensarta - både på store og små bruk. Husmannsplassar finns, så vidt eg veit, ikkje i bruk i leygda - som husmannsplassar. Dei er anten kjøpt, nedlagt eller falle attende til bruket. Det finns eit og anna småbruket, som ikkje har hest sjålv, men dei får jamnast låna hest det dei bring - også til høykøyring - elles må dei i somme høve dra på handvogge. Det heider dei bruket gamalmåten og ber høyet i hus, men det er ingu vankelig regel og svært sjeldan.

Utmarkslåttu gjekk ut av bruk i tida kring fyrre verdskrigen ca. 1910 - 1920. Mange hadde slåttu før, og nokre heldt fram enda etter den tida - det var helst dei mindre brukta, som hadde rikelig arbeidshjelp sjålv - men eg trur ein kan seia at det store skiftet kom da. Grunnen var nok mest den store auken i daglønene for leigefolket, og ei slik drift med leigd arbeidshjelp ville ikkje løna seg. Det var i staden lagt myr vinn om nydykinga. Slåttu på uteut og kraft leude på innmark heldt seg litt lenger. Det var kulturbakta som gjorde slått her - utover 20-åra. Det finns einbilde bruk - av dei mindre - og som har god arbeidshjelp, som einno driv litt marka - slått, men dei er no så få, at dei er ikkje å rekna med. Dei større brukta driv ikkje lenger slått av småeng, det er berre dei mindre og små brukta som slår det småengst dei einno har på innmarka, og som ikkje ligg i for kraft leude eller ligg for utlagleg til.

Drifla no går helst for seg slik: Graset vert pløgt med slåmaskin, hesjene oppsette med høvelige mellomrom, og graset køyrd inn til hesja med sleperive og heugd opp til kørk. Hesja er rad med staurar som går langs-

med heile ekra, og trådar (hesjetråd av jarn) spent millom staurane i 4 - 5 høgder som grasel vert hengt på. Når så grasel er turt (er vorte høg), vert det lesd i høggrindlar og køyrd i hus. Høggrindaane tek ca. 200 - 250 kg turt høg. Ein treng ikkje heilla høyet fast, ein trår det godt ned i grindaane eller kvart som ein fyller i. Ein lesser med hendene or hesja eller høggaffel av marka. Det er uo gjeldan ein brukar annan tirkemåte enn hesjing ved turt av ekkerfor (künstig eng). På lunde som er for beralt for slåmaskina, vert grasel slept med tjå (tjå med langore, stultorr vert ikkje brukt her), og grasel frakta inn til hesja med haustmak (høggaffel). Skallen på småeng (naturlig eng) vert utført med tjå (langore). Grassel vert teirka på marka og køyrd i hus med lesd og høgvoqna med grindar. Den eldre måten er heilt avlagd. Høylemmen ("lemmen", låven) har no for det meste køyreleir opp jamt med øvste stokkverk og innover heile "lemmen". Der vert ein lett kvitt lassa ved å velte høyet av i det stålet (rommet) ein vil ha det. På denne måten er det lett å sortera høyet når ein køyrrer det inn.

I eldre tider var nok ikkje alt så lettbrint. Høyreirni farsst ikkje. Ein måtte dra høyet av lassa, dra det langt inn over lemmen, ofte over høge "stålbarmer" og til sist lyfta det opp på høge "høgstabbar", og reidskapen var hendene og trekleifter. Skallen vart gjort med tjå, leide på innemark og utmark. Hesjematerialet var "kråkkåa" (palar med fleire pinnar i - 3 til 4) og skuger som vart lagt opp i 3-4 høgder, og høyet hengt på; Det er gått av bruk for lengt sidan (omir inn 50 år); sidan kom taug og staur, men dei siste 40-50 åra er brukt jarntråd. Grassel vart kjenma med river til høvelige kjenmer (både grovt gras og fies), og kjennene hore til hesja og hengt opp. Kjenninga vart gjort av kvinner og barn, karane bar og hengt opp. Elles var hesjinga lite brukt, grassel vart

túrka på marka (lereidd, sála, kasta, vunda, mña og kóygd inn).
 Þá vanleg lunde varst hógst list på „sloer“. „Sloer“ var stam-
 men av eit úngt bre, hoveleg túrka. Slik at han var skiv. Han
 varst lagd på marka med lauukvistar på tvers over. Þá
 varst hógst lagd på. Det varst leare í kjumber, sá skore
 som ein vaksen mann greiddi á leura bei. Kjumba
 varst kjúkk, og lereid som lasset, og sá lang som rive-
 skafstet på lag. Til á kjumba og leura hóg varst lereids
 river, som varst ukstra sterke og gjart bil det lereid.
 „Sloer“ varst hoveleg lang til ca $2\frac{1}{2}$ kjumba í lengda.
 Fírst varst lagd ei på kvar endur, sá ei í midten,
 sá ei på kvar endur, sá ei í kvar síða í midten og
 til stútt ei på kvar endur, slik at lasset varst på
 9 kjumber í alt. Lasset varst leunda med hógstong og
 longkant. Hógstonga var av bre - oflast ei klúft og lítt
 krúm - med festu for taug eller ein reipstúmp (í
 eldste tíðir veidje) í fremre endur og eit tvortre
 í andre endur. Reipendur (taugst, vidja) varst fest
 til „sloer“ på fremre endur með ei lykklje, og tonga
 lagd over lasset. Bak varst longkandet (av reip eller taug)
 fest til „sloer“ på same máten og sá teke opp í tvort-
 tres på hógstonga; og sá varst det á stramme til det
 leiste ein kúnne og gjera fast. Da var lasset leunda.
 Når ein sá skúlle fá det på vognu, tok ein tak í
 kvortene under lasset og líkka det opp på síða,
 kóyrdi sá vognu horstíll og líkka lasset inn på
 vognu. Det varst fastgjort med reip. „Sloer“ og
 kvortene varst samla saman og nykta uppast - ja „sloer“
 ár eller ár. Var leundet leuast, nykta ein ofte slede
 til á kóyrdi lassa í hús. Denne sleden kalla di ofte
 „hógstlaer“ og hadde íkkje jarnstungu under meiane,
 men tresolar da dette varst lettare på leura mark.
 Var leundet sverst leuast, og hógst skúlle leuast nedanfor
 bakkin, varst det raka saman og rúlla ned - utan

andre hjelpemiddel enn riva. Var kakkor laug, og leudet ikkje reist og slett, brukte dei eit slag „sloe“. Det var eit tvegt tre med høveleg kalle. Høyet vart kjeuba og lagd på kallen - ofte små lass - og så drege eller rotendur av „sloe“. Skulle høyet oppover, måtte det lerast, og det vart gjort enten med riva - som kjeuba - eller i „svalk“; Sjeltnare taug. „Svalken“ var ein høveleg kvist. Denne vart lagd på marka med rotendur nedover. Høyet vart kjeuba i mindre kjeubar og lagd på „Svalken“. Når byrda var stor nok, steig han som skulle lera, nedom, vende seg mot byrda og tok tak t. d. med venstre handa i rotendur, reiste seg over byrda og tok tak med høgre handa i tappendur; så vreid han seg rundt mot venstre og vart ståande (eller om det var berast nok, ståande) med ryggen mot byrda. Han måtte da ha nokon til å stå under beak, skulle han greia å koma seg på føler med byrda (eller få henne opp). Dette var å lera i „Svalken“.

Byrde-taug var berøkt av dei som ikkje hadde hest og måtte lera høyet i hus. Det var enten eit enkelt taug med løkke i eine enden, - når høyet var lagd i (same-lis som i „Svalken“), tok ein taugendur gjennom løkka og skrama til, la taugst over aksel og kar. - Eller taugst var dobbelt, slik at når høyet var lagd i, vart endane ~~var~~ på taugst lagd gjennom lækta og skrama til. Ein kar da med eit taug over kona aksel, og var det langt å lera, vart taugendane teke innom tauga i byrda på underkaub slik at byrda på ein måte vart heindur fast. Ein måtte alltid ha nokon til å stå under beak - hjelpe til å letta byrda frå marka.

Løypesprung, Kiper, Lillekare eller bare har ikkje vore i bruk til frakking av høy i mamms minne. Nokon slik reidskap av prestavar samantunde ved bærre

stavar er heller ikkje kjest.

Arbeidet var fordelt slik at kvinnene og barna hadde lettaste arbeidet - samanrakinga av høyet i muer (store haugar). Dei mune måtte vera på stov at det vart minst ei hoveleg kjembe - helst fleire. Karane hadde med leiringa og lessinga. Når lassa var ferdiglest, skulle dei pussast, d. v. s. lausthøyet skulle rakast av, og lasset jamnast så det vart pent å sjå til, og vart rann av etter stråa om det vart regn. Dette var eit vanskeleg arbeid, som måtte lovast, og gjerast nøyaktig skulle det bli godekke. Det var som regel kvinnearbeid. Hadde dei mykje høying ein dag, vart dei ikkje å kjepra lassa i hus, dei vart da ståande til neste dag - ei regnshure gjorde ingen skade dersom lassa var godt lest og rett pussa. Stet høyet vart nøye samanraka - ikkje skulle liggja att. Vart siste lasset lite, kalla dei det "lassonge", og det var godt merke - da skulle det bli høyer neste dag.

Låg inget langt lærte - i marka eller på fjellet - hadde dei høyløe ("hüllu") å samla høyet i. Vart "hüllu" for lite, sette dei "stakk". Stakken var bygd kring ei hög stong - "stakkestonga" - og høyet vart godt brodd så stakken vart fast; da hadde ikkje veta så lett for å trengja inn. Han var rund og smalva av mot toppen (kjegleforma). Først var han ikkje vidare enn at dei bredde ei korve ned på stakkestonga, og toppen var dermed dekt. Han vart finraka på utsida, slik at yste strålagar skulle verka som eit stråtak mot veta. Morliken kunne vera på omse. Han var oftast så stor som råd var, med fleire vinklass i. Stakkestonger har vore å sjå på gamle fjellslåttar heilt til det siste, men har ikkje vore i bruk på lange tider.

Så fjellslåttane vart høyet kjøpt til løa og

Stakken på lede, avdi det ofte var myrar som ikkje
tolde tyngda av vognehjula.

Frå slike uteng vart højet kjørd heim om vinteren.
Da ville dei helst ha skarefare, men var det ikkje det,
køyrde dei samtidig dei som mytta same vegen. Var dei
mange, delte dei opp i to lag og kjøyrde kvar sin dag.
Slik var det lettare å halda vegen open. Det var
aftast vordt og føret som fastselle tida for denne
køyringa. Dei rekna 3 sommarlass til vintervinter-
lass, og højet vart lest på slær - utan grindar. Det
vart lagd ei ræme under - eit kvadre framme og eit
bak, og ei stong på kvar side og så kvister over - og
højet lagd på (ikkje kjulba) og brode godt eller kvard.

Oppover langs sidene vart lagd "køyvuar" (lange, granne
stenger) og framme og bak kvister. Så vart lasset
bunde både på langs, med høystong, og på tværs -
med reip. Til slutt vart samanrakstet samla
opp og lagd opp som små pækler på kvar ende
av lasset. Eit velforma lass skulle vera lågast på
midten, og der hadde køyrekaren plassen sin.

Ved felles slær vart højet som regel delt i lass. Dei
hadde talt på sommarlassa og visste da kor mange
vinterlass det skulle bli. Oftast var dei i fylgje når
dei kjøyrde højet heim om vinteren og hjelpte da
kvarandre med lesinga. Lassa vart da som regel
nokså jamstore.

Oftast låg utslåttane langt borte, og skulle
ein nå heim med lassa til kudds, måtte ein ut tidleg
om morgonen - ofte kl. 4-5. Ein slik køyredag
var nokså einformig, da største partem av tida gjekk
til vegen fram og attende. Ein måtte kle seg godt - for
det var aftast kaldt, derleg den lange køyringa. Komen
fram til "hüllu", var det først å sørge for hesten; han
vart sett på ein tinn plass og godt nedbreidd. Ein liten

matbit måtte til, men berre i all hast no, lassa
 måtte lessast før ein hadde tid til å ta rettelig
 matkvild. Var dei fleire i fylgje, og det var selerku
 (søkerstuggu), vart ein sett til å få varme på
 peisen, skaffe vatn, som oftest var smelta snø, og
 kaka kaffe; det var godt med varm kaffe når lessinga
 var ferdig; - elles hadde dei med seg varm kaffe på
 flasker som var godt innpakka i tjukke strømpes
 ("hosso") og sl.. Hestane fekk og litt varm vatn.
 Kvilestunda vart ikkje lang, ein måtte skunda seg,
 dagen var stutt og vegeu lang heim. Oftest kom
 ein ikkje heim før det var myrkt. Det var ein
 stri dag både for folk og hestar, og det var godt
 å kvila dagen etter.

Dei fleste spørsmål finn de svar på her.
 Det som ikkje er nemnt er ikkje kjent.